

Tore Svendsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/9414 - 20/52112

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

per.sveinar.morsund@alver.kommune.n

o

Dato:

25.08.2020

Avslutning av sak om ulovleg tilfelle - gbnr 239/17 Eknes kai

Tiltak:

Forfalt bygning

Byggjestad:

Gbnr: 239/17

I brev frå deg av 09.05.20 har du gjort kommunen merksam på eit falleferdig naust på Eknes kai. Lindås kommune har tidlegare hatt oppfølging av dette naustet der kommunen gav pålegg om sikring rundt bygningen. Dette pålegget er etterfulgt og det er satt opp gjerde rundt bygning for å indikere at ein ikkje skal ferdast inne i bygningen. Alver kommune var på synfaring på staden 22.07.20 for å vurdere om det er naudsynt med ytterlegare sikringstiltak. Vi finn ikkje at bygget si bygningsmessige forfatning er forverra i ei slik grad at dette er naudsynt og vi avsluttar difor oppfølging av saka.

Når det gjeld dei skjemmande tilhøva med det falleferdige naustet har kommunen selvfølgelig forståing for at dette opplevast sjenerande for omgivnadane og at du ynskjer istandsetting av naustet. Kommunen hadde også aller helst sett at naustet vart sett i stand, men har ikkje heimel i lovverket til å krevje dette.

Kommune har vurdert at tilhøvet ikkje er eit brot på plan- og bygningslova. Vurderinga er basert på gjennomgang av historisk sak i Lindås kommune og synfaring på staden.

Avslutning av sak om mogleg ulovleg tilhøve er ikkje eit enkeltvedtak, og kan difor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/9414

Med vennleg helsing

Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal

Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund

Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakarar:

Tore Svendsen